



Partigruppene i Fylkestinget Sogn og Fjordane v/gruppeleiarar
Fylkesrådmann Tore Eriksen
Leiar i vassregionutvalet Anders Ryssdal

Dykkar ref.: Vassforvaltningsplan for S&Fj
Vår ref.: 1291098 / 3

04.12.2015

VASSFORVALTNINGSPLAN - OPPMODING OM ENDRING AV FEIL KNYTT TIL MILJØMÅL I REGULERTE VASSDRAG

Bakgrunn

Vassforvaltningsplanen med tiltaksprogram som no skal vedtakast i Sogn og Fjordane inneheld konkrete miljømål for regulerte vatn og elver som på sikt, og hovudsakeleg i neste planperiode, kan medføre tap av kraftproduksjon.

Fylkesutvalet har handsama planen (vedtak 25.11.2015), og tok då inn to nye punkt:

5) «Fylkesutvalet legg til grunn at dei konkrete miljømåla som er nedfelt for svært modifiserte vassforekomstar (SMVF) i fyrste planperiode er i samsvar med det som er dagens tilstand i dei aktuelle vassforekomstane, eller at dei kan oppnåast med dei tiltak som regulantane og andre no allereie har sett i verk».

6) «I høve nasjonale laksevassdrag med høg risiko for flom og skred som krev tiltak for å betre samfunnstryggleiken, må det opnast for endringar i noverande miljømål etter grundige risiko og nytte/kostnadsutgreiingar».

SFE er positive til at dette vart vedteke, og håper dei vert fylgde opp av fylkestinget.

Tabellane som fylgjer planen inneheld konkrete miljømålsetnader på enkelte vassførekomstar som ikkje er i samsvar med vedtaket gjort i fylkesutvalet. For at miljømåla skal stå i stil med «dagens tilstand» og tiltak ikkje skal gå utover det som allereie vert utført av tiltak i dei regulerte førekomstane, er det trong for å endre på miljømåla i nokre vassførekomstar. Vi håpar fylkespolitikarane ber administrasjonen om å korrigere desse måla i tabellane før planen vert sendt regjeringa, slik at desse ikkje blir dei gjeldande. Eksempel på slike er at vatn som er naturleg fisketome har fått mål om sjølvreproduserande aurebestand. Dette er sjølv sagt ikkje realistisk.

Vi har teke utgangspunkt i dei siste tilgjengelege versjonane av forvaltningsplan og tiltaksprogram for Sogn og Fjordane, som ligg ute som sakspapir til handsaming i fylkesutvalet 25. november 2015 (sfj.no). Samstundes har vi gjennomgått alle våre vassførekomstar i vann-nett.no/saksbehandler og vann-nett.no/portal (faktaark vannforekomst) for å sjå kva som no ligg inne av tiltak (pr. 13. november 2015).

For denne planperioden er det tiltak knytt til problemkartlegging og administrative tiltak (vilkårsrevisjon) som er foreslege i våre vassførekomstar, og vi ser at krafttap

vil kome etter at eventuelle vilkårsrevisjonar er sett i verk, men då i hovudsak i løpet av neste planperiode (2021-2027).

Det er difor svært viktig at dei miljømåla som vert sett no i denne planperioden, *ikkje legg føringar for kva miljømål som skal nåast og kva tiltak som skal setjast i verk i neste planperiode.*

Ei anna sterk innvending gjeld fråveret av kost-/nytteanalysar i plangrunnlaget. Det må difor *takast atterhald om at vassførekomstar som i denne runden har miljømål som er utsett til 2027, framleis kan endrast i neste planperiode, basert på reelle kost-/nyttevurderingar.*

Ved gjennomgang av plangrunnlaget som no skal vedtakast har vi oppdaga at fleire vassførekomstar som i høyringsutgåva av planen låg inne med mindre strenge miljømål (MSM), jf. vedlegg 10 til planen, er flytta over til vedlegg 8 og fått GØP som miljømål. Dei fleste det gjeld ligg faktisk både i vedlegg 8 og i vedlegg 10, altså dobbelt. Dette vert no svært uryddig og under lister vi opp kva vassførekomstar som må fjernast frå vedlegg 8, slik at dei kunn vert liggande i vedlegg 10 med mindre strenge miljømål.

Vassførekomstar som må endrast før planvedtak

Førdevassdraget, Bremanger kommune:

- Fessene/Førdeelva/Daleelva, ID 086-159-R: Med grunnlag i fersk habitatkartlegging utført i år, der det ikkje vart anbefalt å gjere biotoptiltak, må miljømålet justerast ned til «fungerande akvatisk økosystem».
- Avløp frå Fem-vatnet til Hjelmevatnet, ID 086-229-R: Elva har i planane miljømålet GØT 2021, noko vi meiner må endrast grunna påverknad frå kraftproduksjon. Elva må verte ein SMVF med miljømål GØP 2021 og «fungerande akvatisk økosystem».

Åskåravassdraget og Øksendalsvassdraget, Bremanger kommune:

Delar av desse vassdraga er naturleg fisketome og miljømålet «sjølvreproduserande bestand av aure» er difor ikkje realistisk å oppnå. Vatna under må ha miljømålet «fungerande akvatisk økosystem»:

- Store Åskårsvatn, ID 086-1780-L
- Y-vatn, ID 086-1783-L
- X-vatn, ID 086-1784-L
- Z-vatn, ID 086-1794-L
- Vatn kote 898, ID 086-28113-L
- Vatn kote 870, ID 086-28114-L
- Isavatn, ID 086-1793-L

Indrehusvassdraget, Bremanger kommune:

- Klenevatnet, ID 086-28137-L: Vatnet har i planane miljømålet GØT 2021, noko vi meiner må endrast grunna påverknad frå kraftproduksjon. Vatnet må verte ein SMVF med miljømål GØP 2021 og «fungerande akvatisk økosystem».

Vassførekomstar som skal ha mindre strenge miljømål (MSM):

Under er ei liste over førekomstar som må strykast frå vedlegg 8, der miljømåla er GØP, og som berre skal ligge i vedlegg 10, med miljømål MSM.

Bremanger kommune:

- Elv mellom Y-vatn og vatn 898, ID 086-190-R
- Elv mellom X-vatn og Y-vatn, ID 086-191-R
- Elv mellom vatn 898 og Bjørndalsvatn, ID 086-256-R
- Elv mellom vatn 898 og Bjørndalsvatn, ID 086-257-R
- Avløp frå Z-vatn, ID 086-40-R
- Sødalselva, avløp frå Langevatn, ID 086-51-R

Gloppen kommune:

- Skordalselva, ID 086-43-R

Balestrand kommune:

- Grøndalselvi, ID 078-104-R
- Vetlefjordelvi, øvre del, ID 078-107-R
- Vetlefjordelvi, øvre del, ID 078-108-R
- Elv frå Øvre til Nedre Svartevassvatn, ID 078-10-R
- Elv frå brevatn (Vetlefjordbreen), ID 078-22-R
- Breelvi, ID 078-24-R

Vi håper på positive utfall av innspelet vårt.

Venleg helsing
SFE Produksjon AS

Ola Lingaas
.....

Ola Lingaas / Produksjonsdirektør

Ragna Flatla Haugland
.....

Ragna Flatla Haugland / Fagleiar miljø